

PRAKSISAVTALE

mellom

Høgskulen på Vestlandet, Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett og

Namn praksisbarnehage:
E-postadresse praksisbarnehage:
Postadresse praksisbarnehage:
Namn eigar/kommune:

1. Avtaleperiode, gjensidig informasjonsplikt og justering av avtalen

Avtalen er løpande og gjeld frå hausten **XXXX**. Den kan seiast opp av begge partar med 6 månaders oppseiingsfrist. Partane skal halde kvarandre gjensidig informert så tidleg som mogleg om planar og tiltak som kan påverke omfanget av partane sine plikter, slik at endringar kan planleggast og gjennomførast i forsvarlege former. Ved tolkingstvil og endra faktiske føresetnader kjem partane saman i møte og forhandlar seg fram til ei løysing.

2. Formål

Hovudformålet med avtalen er å sikre at HVL, eigar og praksisbarnehage gir praksisopplæring i samsvar med avtalar og regelverk som gjeld den enkelte utdanninga, samt styrke samarbeidet mellom HVL og barnehagen og skape samanheng mellom opplæring på studiestad og i praksis. Praksissamarbeidet er i hovudsak knytt til barnehagelærarutdanninga, men kan etter nærare avtale også omfatte praksis i grunnskulelærarutdanningar, bachelorutdanningar, masterutdanningar og vidareutdanningar. Samarbeid på andre område er også ønskjeleg, f.eks. innanfor undervisning, etter- og vidareutdanning og forskings- og utviklingsarbeid.

3. Regelverk for gjennomføring av praksis

Praksis skal gjennomførast i samsvar med gjeldande forskrifter og retningslinjer:

- Rammeplanar med tilhøyrande nasjonale retningslinjer
- Studieplanar, emneplanar og retningslinjer for praksis ved HVL
- Forskrift om skikkavurdering i høgare utdanning

Fakultetet sine nettsider om praksis har lenker til dokumenta og oppdatert informasjon om praksis for dei ulike utdanningane.

4. Ansvaret til praksisbarnehagen og barnehageeigar

4.1 Barnehageeigar sitt ansvar og oppgåver

Stille barnehagen til disposisjon for praksisopplæring for studentar og legge til rette for at barnehagen kan realisere formålet med avtalen og mogleggjere samarbeid om FOU-arbeid og kompetanseutvikling.

4.2 Barnehageleiar sitt ansvar og oppgåver

- Ha overordna ansvar for gjennomføring av og kvalitet i praksisopplæringa i barnehagen
- Sørge for at heile personalet i barnehagen er involvert i praksis og legge til rette for at studentane får gode læringsforhold og har tilgang til nødvendig utstyr for å gjennomføre praksis, inkludert digitale tilgangar dersom det er aktuelt og mogeleg
- Kwart år melde inn til HVL praksislærarar og tal på studentar dei kan ta i mot
- Velje kvalifiserte praksislærarar som har førskule- eller barnehagelærarutdanning og tre års relevant arbeidserfaring etter fullført pedagogisk utdanning
- Legge til rette for at praksislærarane har eller kan skaffe seg kompetanse i rettleiing (30 studiepoeng) (Etter anbefaling frå leiar kan krava til praksislærar fråvikast i spesielle tilfelle, men det skal alltid skje i tett dialog med HVL.)
- Iverksette tiltak slik at praksisopplæringa kan gjennomførast som avtalt ved sjukdom, permisjon, oppseiing eller andre endringar av arbeidssituasjonen for praksislærarar. Informere HVL om endringane.
- Legge til rette for at studentar som må ta att delar av praksis får gjennomføre dette
- Sørge for at studentane deltek i kvardagsaktivitetar, får innsikt i barnehageleiing, barnehagen som organisasjon, barnehagen sine samarbeidspartnarar, satsingsområde og pedagogiske val m.m.
- Bidra i vurdering av studenten ved fare for ikkje bestått praksis eller spørsmål om skikkaheit
- Bidra til at praksisopplæringa blir evaluert av studentane og følge opp evalueringa i samarbeid med HVL
- Koordinere økonomiske forhold og refusjonskrav mellom HVL og barnehagen, samt utbetale godtgjersle og løn til personale som utfører ekstraarbeid i samband med praksisopplæringa

4.3 Praksislærar sitt ansvar og oppgåver

Praksislærar skal organisere og gjennomføre rettleia og vurdert praksis og skal arbeide ut frå gjeldande retningslinjer, emneplanar og studieplan. Studentane må involverast i kjerneaktivitetar som t.d. foreldresamarbeid, samarbeid med eksterne aktørar og planlegging av arbeidsåret. Praksislærar sitt ansvar og arbeidsoppgåver er nærare skildra i retningslinjer for praksisopplæring knytt til den enkelte utdanninga.

5. Ansvaret til HVL

5.1 Utdanningsleiinga sitt ansvar og oppgåver

- Ha det overordna faglege ansvaret for samanheng, heilheit og progresjon i utdanninga, inkludert innhald, kvalitet, vurdering og progresjon i praksis

5.2 Fagleg kontaktperson/profesjonsrettleiar sitt ansvar og oppgåver

- Vere fagleg hovudkontakt mellom barnehagen og HVL og utvikle samarbeid om praksisopplæringa
- Koordinere praksisoppfølginga i samarbeid med barnehagen og faglærarane ved HVL
- Delta i planlegging og evaluering av praksis i samarbeid med praksiskoordinator ved HVL og praksisbarnehagen

5.3 Faglærer sitt ansvar og oppgåver

- Samarbeide med profesjonsrettleiar/fagleg kontaktperson og barnehage/praksislærer om studentane sin praksis
- Delta i relevante samarbeidsforum knytt til praksis

5.4 Praksiskoordinator sitt ansvar og oppgåver

- Organisere praksis og ha løpende samarbeid med profesjonsrettleiar og praksisfelt
- Informere eksternt og internt om praksis i samarbeid med fagmiljø på HVL
- Ha dialog med barnehagen om tilrettelegging, fråvær og ikkje bestått praksis
- Arrangere ulike opplærings- og møtefora i samarbeid med fagmiljø og utdanningsleiing
- Skaffe og fordele praksisplassar, koordinere økonomiske forhold og refusjonskrav mellom HVL og barnehage

6. Omfang og organisering av praksisopplæringa

Praksisbarnehagen og HVL avtaler i løpet av vårsemesteret praksisomfanget i barnehagen for påfølgande studie-/barnehageår. I tillegg kan det vere behov for å avtale noko praksis etter semesterstart. Behov for praksisplassar vil variere frå år til år på grunn av varierende studietilbod og studenttal. HVL tek atterhald om tilstrekkeleg tal studentar i praksisplasseringa.

Ved behov for justeringar etter praksisplassomfang er godkjent, skal partane informere kvarandre så tidleg som mogleg. Leiinga ved praksisbarnehagen har eit særleg ansvar for å sikre tilstrekkeleg mengd praksisplassar. Når studentar har behov for utsett praksis på grunn av sjukdomsfråvær o.l., avtalast vanlegvis utsett praksis med dei praksislærarane som har hatt studentane i ordinær praksis. Ved arbeidsoppgåver og rettleiing ut over ordinær praksisopplæring kan HVL og praksisbarnehagen avtale ekstra ressurs til dette.

Praksisstaden tek til vanleg imot studentar i fleire praksisperiodar gjennom studieåret. Praksislærer må ha ein stillingsstørrelse som er tilstrekkeleg for behovet i gjeldande praksisperiodar, normalt 100 % stilling i praksisperioden. Barnehagen vert tildelt ressursar pr. veke praksislærer har studentar. Det må settast av

tilstrekkeleg tid til å gjennomføre praksisopplæringa. Barnehageleiinga avgjer i samråd med tillitsvalte om tid til rettleiing og for- og etterarbeid skal gjerast innanfor eller utanfor praksislærars ordinære arbeidstid.

7. Godtgjering for praksisopplæringa

Arbeid knytt til studentane sin praksis vert kompensert etter gjeldande avtalar om godtgjersle for praksisopplæring i den enkelte utdanninga. For barnehagelærarstudentar tek avtalen utgangspunkt i nasjonal *Avtale vedrørende øvingslærere i førskolelærerutdanningen* frå 2005.

7.1 Timeressurs og godtgjering i for barnehagelærarstudentar i barnehagepraksis

Ressurs og godtgjering per veke:	1 student	2 studentar
Rettleiing	1,5 time	3 timar
For- og etterarbeid	1,5 timar	2,5 timar
Møtetid	2 timar	2 timar
Godtgjering	Kr 625	Kr 1075
Kompensasjon til styrar, beløp er uavhengig av tal studentar	kr 400	kr 400
Fast årleg beløp til praksislærar:		
Ekstra for 30 sp rettleiing -	kr 2 000	
Ekstra for 15 sp rettleiing	kr 1 000	

Godtgjeringa er pensjonsgivande dersom dette er mogeleg i samsvar med den pensjonsordninga som gjeld for barnehagen sitt personale. Dersom godtgjeringa ikkje kan gjerast pensjonsgivande aukast **godtgjeringa med 10 %**. Det kan leggst til rette for alternative ordningar dersom det er einigheit mellom fakultetet, eigar, praksisstad og tilhøyrande organisasjonar lokalt. HVL utbetalar godtgjering to gongar årleg i samsvar med innsendt refusjonskrav. Praksis for studentar frå andre utdanningar vert kompensert etter nærare avtale.

8. Samarbeidsforum

For å sikre tett samarbeid om gjennomføring av praksis samt legge til rette for kvalitetssikring og utvikling av praksis deltek studentar, representantar frå praksisstad og HVL i ulike samarbeidsfora før, undervegs og etter praksisperiodane. HVL utarbeider planar for samarbeid saman med praksisfeltet. Fleire av møta vert normalt gjennomført digitalt.

Døme på samarbeidsforum:

- årlege møter mellom barnehageleiing, høgskuleleiing, praksiskoordinator og fagleg kontaktperson
- praksisførebuande møte
- kurs for nye praksislærarar

9. Gjensidig kompetanseutvikling

Gjensidig kompetanseutvikling kan omfatte:

- utveksling av kunnskap og erfaringar som kan inngå i utvikling av barnehagen, praksisopplæringa og utdanninga som heilskap
- vidareutdanning i rettleiingspedagogikk for praksislærarar
- fagdagar, konferansar/seminar og forskingsdagar på HVL kor praksislærarar og leiarar vert invitert
- deltaking i forskning og utviklingsarbeid
- hospiteringsordningar

10. Retningslinjer for gjensidig evaluering av praksisopplæring

HVL har hovudansvar for evaluering av praksisstudiar. Evalueringa skal gjennomførast i samarbeid med studentar og praksisfelt, og i tråd med rammeverk for det systematiske arbeidet med kvalitet i utdanningane ved HVL. Evalueringar av praksisstudiar skal utformast slik at partane vert ivaretekne og kan nyttiggjere seg desse i forbetningsarbeidet. Resultata skal gjerast kjent i organisasjonane og danne grunnlag for kontinuerleg forbetningsarbeid.

11. Informasjonsdeling og teieplikt

Alle partar skal sørge for forsvarleg kommunikasjon samt oppbevaring av dokument og anna materiale av betydning for samarbeidet, uansett form. Partane er pålagt teieplikt etter forvaltningslova §§ 13. Studentar er underlagt gjeldande lov- og regelverk for personalet ved den aktuelle praksisbarnehagen. Studentane signerer teieplikt i samband med semesterregistrering ved studiestart. Barnehagen har høve til å be studentane signere eiga teieplikt.

12. Politiattest

HVL har ansvar for å hente inn gyldig politiattest for studentar som skal gjennomføre obligatoriske praksisstudiar.

13. Forsikring

Studentar i pedagogisk praksis er forsikringsmessig betrakta som vanlege arbeidstakarar på praksisstaden, jf. brev frå Kunnskapsdepartementet. Dei fell dermed inn under Lov om yrkesskadeforsikring §2 og Lov om skadeerstatning § 2-1. Eventuell skade studentane pådreg seg i arbeidstid på praksisstaden vert dekkja av forsikringa til praksisstaden.

14. Tvistar

Dersom det oppstår tvist om tolking eller gjennomføring av denne avtalen, skal det løysast gjennom drøftingar eller reforhandlingar mellom partane.

15. Signaturar

Dato:	For HVL:
For praksisbarnehage:	Eli Hilde Borsholm - studieadministrativ leiar FLKI
_____ Styrrar/dagleg leiar	<i>Avtala er elektronisk godkjent ved HVL og har derfor ingen handskriven signatur.</i>

Tillegg til avtalen

Informasjon om praksis ved HVL

På [nettsidene for praksis ved HVL](#) finn ein spesifikk informasjon om praksis for den enkelte utdanninga. I tillegg er det lenker til generell informasjon som gjeld alle utdanningar med praksis:

- [Skikkavurdering](#)
- [Politiattest](#)
- [Teieplikt](#)
- [Skade i praksis - forsikring](#)
- [Kvalitet i praksis](#)

Nasjonale føringar for praksis

- [Forskrift om rammeplan for barnehagelærerutdanninga](#)
- [Nasjonale retningslinjer for barnehagelærerutdanninga](#)

Lover og forskrifter:

- [Lov om universitet og høyskoler](#)
- [NOU 2020: 3. \(2020\). Ny lov om universitet og høyskoler](#)
- [Studietilsynsforskrifta 2017](#)
- [Forskrift om studium og eksamen ved HVL 2019](#)
- [Barnehagelova \(2005\)](#)

Økonomi

Nasjonale avtalar om arbeidsvilkår for praksislærarar:

- [Tariffavtalar UDF](#)
- [Nye avtalar for øvingslærarar Rundskriv F-04-05](#)
- [Vedlegg 2a Avtale øvingslærarar barnehage](#)
- [Vedlegg 2b Retningslinjer praksisavtale barnehage](#)